

US 115/12 Møteplan for styret hausten 2013 og våren 2014

| | | | |
|--------------------|------------|-------------------------------|-----------------------------------|
| ePhortesak: | 2011/2375 | Saksansvarleg: | Sonja Meyer, <i>underdirektør</i> |
| Møtedag: | 28.11.2012 | Informasjonsansvarleg: | Sonja Meyer, <i>underdirektør</i> |

I håp om å finne møtetidspunkt som passar for alle medlemmane, blir møteplanen for 2013-2014 lagd fram for styret allereie no.

Følgjande rapporteringar legg føringar på val av tidspunkt:

- Rekneskapen for 2. tertial (31. august) er ikkje klar frå økonomiavdelinga si side før medio september
- Innspel til statsbudsjett for nye satsingsområde har frist 1. november
- Førebels årsrekneskap har frist 15. februar
- *Rapport og planar* har frist 15. mars
- Endeleg årsregneskap (styrets årsrapport) kan ikkje handsamast før Riksrevisjonen har gjort revisjon. Vanlegvis er den oss i hende innan første uka av juni.

Fristen for *Rapport og planer* vart i fjor flytta til 15. mars, og det gir høve til en reell styrehandsaming før innsending til Kunnskapsdepartementet. På den andre sida må førebels årsrekneskap vere handsama innan 15. februar, og vedtak må skje i møte og bli underskrive av styremedlemmane. Det er bakgrunnen for at vi gjer framlegg om same opplegg som i år med seminar med styrehandsaming av rekneskapen 13. februar og eit ordinært styremøte 13. mars for handsaming av rapportdelen av *Rapport og planer* (plandelen tar vi som vanleg sikte på å vedta i november).

Med stadig sterkare understreking av styrets strategiske fokus, tar vi sikte på å ha fire ordinære møte og eit seminar i perioden, men setter likevel av ein møtedag i april i fall blir trong for det.

Forslag til vedtak:

Styrets møteplan for studieåret 2013-2014 blir fastsett til følgjande dagar:

- 3. oktober
- 28. november

- 13. februar (seminar + årsregnskap)
- 13. mars
- 10. april (reserve)
- 12. juni

Stavanger, 15. november 2012

John B. Møst
universitetsdirektør

Sonja Meyer
underdirektør